

Framlegg frå valnemnda vedrørende årsmötet i
Bergsøy Idrettslag 1969.

Valnemnda som vart nedsett til årsmötet i Bergsøy Idrettslag den 16. nov. 1969, hadde den 4. nov. møte hos Frantz G. Frantzen. Til stades i ~~nemnda~~ ^{møte} var: Elias Hansen, Peder P. Worren, Frantz G. Frantzen og Eystein Botn.

Prinsipielt fann nemnda det klokt å stille opp ein reservekandidat til kvar av tillitsverva i styret. Dette av to grunnar. For det første for å ha ein kandidat jamvel om den vi innstiller skulle ha fullgod grunn til å nekte å ta imot val. For det andre for at dette er ei demokratisk ordning som gjev veljarane alternativ om det ikkje skulle kome benkeforslag.

Vi vil elles for ordens skuld gjere merksam på at Eystein Botn er innstilt som nr. 1 til nestformann. Dette vart gjort mot hans eiga stemme. Likeeins vart Frantz G. Frantzen innstilt som nr. 2 til formann mot si eiga stemme.

Vidare bør det opplyast at Kjartan Fagerlund til nemnda bestemt har sagt frå seg attval som styrets sekretær, ein standpunkt nemnda har funne å måtte rette seg etter.

Vår innstilling blir da primært den vi har sett opp som nr. 1, men sjölsagt med fullt höve for veljarane ^v røyste på nr. 2 og elles kome med andre framlegg. Vårt framlegg blir da såleis:

Formann:

1. Knut Reite
2. Frantz G. Frantzen (med 3 mot 1 stemme)

Nestformann:

1. Eystein Botn (med 3 mot 1 stemme)
2. Aksel Berge

Kasserar:

1. Rolleiv Moen
2. Ingvald Stenersen

Sekretær

1. Kåre Botn
2. Asbjörn Almestad

Styremedlem:

1. Asmund Myklebust
2. Gerh. Hjelmeseth

Varamenn: Harald Lied, Harald Arnesen og Bård Rören

Oppmann fotball A-laget.

Nemnda var ikkje viss på om mandatet gjekk ut på å gjere framlegg av tillitsmenn innan den interne fotballgruppa til første-laget. Likvel vil vi tillate oss å forslå til oppmann

Egil Leikanger [redacted]

Oppmannsstillinga blir kanskje den viktigaste i komande sesong. Vi har tala om å forslå Leikanger både til det eine og det andre i styret, men konklusjonen var at ^{han} må sparast til oppmannsvervet som vi alle veit han har skjötta til punkt og prikke, og vi vonar berre at han vil stille til igjenval, utan at det har lukkast oss å få dette bekrefte av han sjöl.

UK har vi fått ordre om ikkje å fremje framlegg om da dette kjem opp som eiga sak.

Revisorar:

Elias Hansen og Peder P. Worren

Kontrollnemnd:

Finn Voldnes, Elias Hansen

Oppmann B-laget:

Erling Rören

UK-B-laget:

UK for A-laget i samarbeid med Erling Rören

Juniorlaget:

Oppmann: Harald Lied

Trenar: Kjell Andersen

Guttelaget:

Oppmann: Ingvald Stenersen

Trenarar: Kjell Andersen og Henry Mälöy

PR - sjef:

Ellés meiner nemnda at det bör opprettast eit verv som PR-sjef i laget. Dette blir ei av dei viktigaste oppgåvene i tida som kjem, etter det vi kan sjå med arrangement av ymse slag. PR-sjefen skal sjölsagt berre trekke i trådane og delegere oppgåvene til medlemene. Til PR-sjef gjer nemnda framlegg om:

Geirfinn Goksöyr

Utsendingar til fotballtinget: Knut Reite og Eystein Botn

Leidarar for junioravd.

Denne avdelinga har eige styre men Kjartan Fagerlund og Jostein Myklebust som rådgjevarar. Vi gjer framlegg om attval av desse to. Ellés skal dei andre tillitsverva etter det vi skjöar veljast av styret.

Eystein Botn

Peder P. Worren

Elias Hansen

Etter fullmakt:
Frantz G. Frantzen

Fosnavåg, den 12. nov. 1969

Forhindre!